

Ta Vg2 i utlandet med Hordaland fylkeskommune – skuleåret 2012–13

Informasjonsbrosjyre



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Generell informasjon

Eit tilbod til kven?

- Tilbodet er ope for elevar frå heile Hordaland som har fullført Vg1 innan studiespesialisering, elektrofag eller hestefag.

Koordinatoriskolar i Hordaland

- Alle "Hordalandsskolorne" har ein koordinatoriskole i Hordaland som m.a. som står for kontakten med verstskskolorne og oppfølging gjennom skoleåret. Det er og koordinatoriskolen som organiserer utveljingsprosessen. Detaljinformasjon om programmet i utlandet får du difor ved å kontakte koordinatoren.
- Elevane som er i utlandet er heile tida registrert som elevar ved koordinatoriskolen i Hordaland og har difor dei same rettane som elevar som blir i Noreg.
- Samarbeidsskolorne i utlandet har og kontaktlærarar som har den daglege oppfølginga av elevane, og som dei kan vende seg til dersom dei har problem.

Vidare til Vg3/lære

- Utgangspunktet er at elevane etter året i utlandet skal gå inn i Vg3 eller lære (for elektrofag og hestefag). Dei får ei fagleg rettleiing og oppfølging som gjer dette mogleg.
- For å få til ei godkjenning av året i utlandet vert det lagt opp til at fellesfag som t.d. norsk skal kunna takast undervegs.
- Elevane har kontakt med koordinatoriskolen på It's Learning. I nokre tilfelle vert det også nytta videokonferanse eller intensivundervisning ved tilreisande lærar frå koordinatoriskolen.
- Alle obligatoriske fag ved vertsskolen må bli bestått for at året skal kunna godkjennast.

Økonomi

- Eit skoleår i utlandet i ein av "Hordalandsskolorne" er meint å føra til eit minimum av ekstrautgifter (avhengig av tal på heimreiser og personleg forbruk), slik at økonomi ikkje skal bli eit hinder for å delta.
- Elevane betalar i dei fleste tilfella ikkje skolepengar (eller dei vert dekkja av Hordaland fylkeskommune/eigne stipend).
- Utvekslingsordninga gjev tilsvarande rettar som andre utdanningsordningar, mellom anna rett til bortebruar- og reisestipend hjå Lånekassen. Dette dekkjer dei fleste utgifter til kost, losji og heimreiser. Nokre lomme pengar må reknast med i tillegg.
- Elevane har framleis pc-ordning gjennom Hordaland fylkeskommune.

Søknadsprosess

- Elevane søker, som vanleg, skoleplass elektronisk på www.vigo.no og vel den relevante koordinatoriskolen og programmet.
- I dei fleste tilfella har koordinatoriskolen eigne søknadsskjema som skal fyllast ut i tillegg til den elektroniske søknaden. Sjå det enkelte program.

Utveljingsprosess

- Vi legg vekt på at elevane som blir valde ut, har jamt gode karakterar. Skoleåret i utlandet set ekstra faglege krav, og elevane vil truleg kome til kort dersom dei ikkje har eit solid fagleg grunnlag.
- I dei fleste tilfella er eit intervju ein del av utveljinga. Der får elevane høve til å vise kva for nivå språkkunnskapane ligg på, og dei får fortelje litt meir om seg sjølv. Ofte er det ein representant frå ein av mottakarsskolorne med på intervjuet.
- Elevane som – i sterk konkurranse med andre – får tilbod om eit skoleår i utlandet, representerer ikkje berre seg sjølv, men og Hordaland fylke. Det er viktig at dei både på skolen og i fritida er i stand til å sjå på seg sjølv som ambasadørar og ter seg på ein slik måte at nye generasjonar av Hordalandsskolorne elevar blir ønskt velkomne i åra som kjem.

1: Allmennfag VG2 i Cardiff, Wales



Med dette tilbudet får du eitt års erfaring med å bu og gå på skole i Storbritannia, samtidig som du får oppfølging og supplerande undervisning frå Knarvik vidaregåande skole. Tilbodet har eksistert sidan 1996, og er dermed godt innarbeidd ved alle samarbeidsskolane våre.

Kor?

Tilbodet er eit samarbeid med dei to "fylka" Cardiff og Vale of Glamorgan i Wales. Samarbeidsskolane våre ligg i byane Cardiff og Barry.

Kor mange er det plass til?

Det blir tatt inn 17 elevar kvart år.

Kva for skule(r)

Elevane blir fordelt på desse seks skolane (talet på elevar i parentes):

- Barry Comprehensive School (3)
- Bryn Hafren Comprehensive School (2)
- Fitzalan High School (3)
- Whitcurch High School (3)
- St Teilo's Church in Wales High School (2)
- Cardiff and Vale College (4)

Om tilbodet

Forutan det faglege utbytet av året i Wales, er også det sosiale utbytet viktig. Difor er det viktig at det berre er to til fire norske elevar på kvar skule. Dermed har dei føresetnader for å bli godt integrerte med dei walisiske elevane både i og utanfor skuletida.

1: Allmennfag VG2 i Cardiff, Wales



Særlege opptakskrav

Før du blir valt ut, blir du kalla inn til ein samtale der du får høve til å vise kva for nivå engelskkunnskapane ligg på, og du får fortelje litt om deg sjølv. Når du blir intervjuet er alltid minst ein representant for skolane i Wales med.

Vidare til Vg3

Koordinatoren ved Knarvik vgs. ser til at du vel fag som du kan halde fram med som programfag i Vg3. Det blir og tatt omsyn til fellesfaga ved at du får norskundervisning før du reiser til Wales og gjennom skoleåret. Skal du avslutte fellesfaget matematikk i Vg2, blir det lagt til rette for det.



Bustad

Du bur privat hos vertsfamiliar. Vi ser på dette som ein særskilt viktig del av erfaringa deira; du må tilpasse deg livet i ein ny familie, samtidig som du får eit godt språkleg og kulturelt utbyte.

Kostnader?

Du betalar (2011-2012) 120 pund pr veke for kost og losji, men dette blir så godt som dekket av bortebruarstipendet frå Lånekassa. Elles får du eit reisestipend, som nok må supplerast ein del. Sjølv om elevar bruker ulikt mykje pengar, er tilbodet i utgangspunktet svært godt dekket med stipend. Økonomien treng såleis ikkje stå i veggen.

Tilbakemeldingar frå tidlegare elevar

Medan elevane er i Wales, gir dei uttrykk for at det er mange utfordringar, og læringskurva er bratt. Det er likevel svært sjeldan vi høyrer om mistrivnad. Etter opphaldet er dei aller fleste svært positive. Dei gir uttrykk for at dei hadde ei unik erfaring, dei blei mykje flinkare i engelsk enn dei ville blitt i klasserommet heime, dei fekk oppleve ein ny kultur frå innsida, og dei fekk vener både på skolen og i vertsfamiliane.

Koordinator

Knarvik vidaregåande skule.
Kontakt: Audun Sjøstrand, audsjo@hfk.no.

Meir informasjon

På nettsidene til Knarvik vidaregåande skule knv.hfk.no.

2: Allmennfag VG2 i Nedre-Normandie, Frankrike



Tilbodet er ei heilt unik moglegheit til å lære betre fransk, oppleve ein annan kultur, gjennomføra den vidaregåande utdanninga på dei vanlege tre åra og samstundes skaffa seg verdfull internasjonal studieerfaring

Kor?

Tilbodet er i regionen Basse-Normandie (Nedre-Normandie) i Frankrike.

Kor mange er det plass til?

Det blir tatt inn 17 elevar kvart år.

Kva for skule(r)

Det blir tatt inn 15 elevar kvart år.

Elevane blir fordelt på følgjande skolar:

- Lycée Jean Rostand i Caen
- Collège Lycée Expérimental (CLE) i Caen
- Lycée Mezerai i Argentan
- Lycée Lebrun i Coutances

Om tilbodet

Som elev i Frankrike kan du velje mellom programfag innan Språk, samfunnsfag og økonomi eller realfag. Vidare må du ha to fag i Frankrike som du kan byggje vidare på når du kjem heim og skal ta tredje året. Opplegget startar med ei felles helg på Voss for å bli kjende. Etter at du kjem til Frankrike er det ei felles innføringsveke med norsk lærar/koordinator. I tillegg vert det gitt ekstraundervisning i fransk dei tre første månadene av skuleåret

2: Allmennfag VG2 i Nedre-Normandie, Frankrike



Skuleåret

Det franske skuleåret går frå starten av september til slutten av juni.

Særlege opptakskrav

Du må ha hatt fransk som 2. språk på ungdomsskolen og i Vg1. Inntak basert på individuell vurdering, med m.a. presentasjonsbrev og intervju.

Vidare til Vg3

- Norskundervisning via ItsL gjennom skuleåret
- Ei veke intensiv norskundervisning på Voss gymnas i februar
- Voss gymnas skaffar lærebøker i norsk og historie
- Eleven vert lagt til i ein historieklasser på ItsL



Bustad

Du bur på internat frå måndag til fredag, og i ein fransk familie i helgene og feriar. Denne kombinasjonen gjer at du får erfare både fransk skule- og familieliv. Eleven har vertssysken som går på same skule. Du tek imot ein venskapselev i etterkant av opphaldet – 14 dagar i sommarferien.

Kostnader?

Du får bortebruarstipend frå Lånekassa og reisestønad. Det klarer du å leve på, fordi levekostnadene er lågare enn i Noreg .

Tilbakemeldingar frå tidlegare elevar

Medan elevane er i Wales, gir dei uttrykk for at det er mange utfordringar, og læringskurva er bratt. Det er likevel svært sjeldan vi høyrer om mistrivsel. Etter opphaldet er dei aller fleste svært positive. Dei gir uttrykk for at dei hadde ei unik erfaring, dei vart mykje flinkare i engelsk enn dei ville vorte i klasserommet heime, dei fekk oppleve ein ny kultur frå innsida, og dei fekk vener både på skulen og i vertsfamiliane.

Koordinator

Voss Gymnas.
Kontakt: Jorid Skiple, jorski1@hfk.no.

Meir informasjon

normandie.vossgymnas.no

3: Allmennfag VG2 i Missouri, USA



Du lærer å kjenna det amerikanske skolesystemet, kultur og leveste. Det er eit internasjonalt miljø der ca 90 av dei 210 elevane ved skolen kjem frå andre land og verdsdelar. I tillegg vert elevane godt tekne vare på.

Kor?

Tilbodet er i byen Concordia, i delstaten Missouri, USA.

Kor mange er det plass til?

Det blir tatt opp ca 25 elevar kvart år.

Kva for skule(r)

Alle går på St. Paul Lutheran High School (men i ulike klassar). Dette er ein internatskule med omlag 200 elevar. Skulen byggjer på kristne grunnverdiar, og elevane må det året dei er utplasserte følgje regelverket som gjeld for skulen.

Om tilbodet

I USA vil elevane bli fordelte på forskjellige klassar alt etter kva fag dei ønskjer å ha, slik at all kommunisering og undervisning vil gå føre seg på engelsk.

Skuleåret

Oppstart i USA i midten av august. Skuleåret er ferdig til 17. mai. Etter dette er det ein veke ved Øystese gymnas for m.a. å avleggje årsprøve i norsk.

Særlege opptakskrav

Søknadskvalitet og intervju er avgjerande. Både fagleg og sosial kompetanse vert vektlagt.



3: Allmennfag VG2 i Missouri, USA

Vidare til Vg3

Tett samarbeid mellom skulen i USA og Øystese gymnas om undervisninga. Fjernundervisning i norsk. Elevane kan gå rett inn på Vg3 når dei kjem heim.

Bustad

St. Paul Lutheran High School er ein internatskule, slik at elevane bur på skulen og får alle måltida der. Elevane vert innkvarterte på tomannsrom, oftast saman med ein ikkje-norsk elev. Det er forskjellige jente- og gutteinternat. Det er strenge reglar på internata, og elevane vert godt passa på.

Kostnader?

Ca. kr. 23 000 inkludert lomme pengar.

Kostnaden for eleven vert på ca. 12 000.- dollar, med ein dollarkurs på kr 6,00 vert det ein kostnad på ca. kr 72 000.- I tillegg kjem reise og eventuelle gebyr. Grovt sett vil det kosta ca. kr 83 000.- for reise, skulepengar og opphald. I tillegg kjem lomme pengar. Av dette får elevane dekka i form av borte buarstipend og reisestipend frå Statens Lånekasse, om lag kr. 50 000. I tillegg gir Hordaland fylke og Øystese gymnas eit stipend på kr 10 000,- til kvar elev. Det vi då bli ein eigendel på ca. kr 20 000,- for kvar enkelt elev.

Tilbakemeldingar frå tidlegare elevar

Svært gode tilbakemeldingar. Ingen har reist heim i løpet av dei 14 åra tilbodet har eksistert.

Koordinator

Øystese gymnas.
Kontakt: Kurth Ystebø, kuryst@hfk.no.

Meir informasjon

www.vg2usa.no



4: Elektro Vg2 i Erfurt, Tyskland

4: Elektro Vg2 i Erfurt, Tyskland

Dette er eit tilbod for deg som ønskjer nye utfordringar, som ønskjer å bli kjend med eit nytt skulesystem, ein ny kultur og eit nytt språk, og som ønskjer å bli sjølvstendig.

Kor?

Tilbodet er i byen Erfurt, delstatshovudstad i Thüringen, Tyskland.

Kor mange er det plass til?

Det er plass til 9 elevar: 3 på Data og elektronikk, 3 på EL-energi og 3 på Automatisering.

Kva for skule(r)

Du går på Andreas Gordon Schule, ein stor yrkesskule med særleg fokus på elektrofag og IT. I tillegg har du nokre veker med praksis i bedrift eller opplæringscenter.

Om tilbodet

Du går først 2 mnd på Askøy vidaregåande skole og har mykje tysk og elektrofag, i tillegg til norsk, engelsk, samfunnsfag og gym. I slutten av oktober reiser du til Tyskland og går rett inn i klassar som tilsvarar Vg2 elektrofag. Du følgjar teoriundervisning i både 2. og 3. klasse. Innimellom har du 1-2 veker praksis i bedrift.

Du har 1 time videokonferanse med oss på Askøy vgs pr. veke. I tillegg til elektrofaga har du tysk kommunikasjon og etikk.

Du har eigen kontaktperson tilsett av skolekontoret i Erfurt for å hjelpe deg med det praktiske i kvardagen og leggje opp aktivitetar på fritida.

Skuleåret

Skuleåret i Erfurt startar i slutten av oktober og vert avslutta med eksamen første veka i mai. Intensivundervisning på Askøy før og etter dette.

Særlege opptakskrav

Du som deltar må kunne vise deg som ein verdig representant, og ved utveljing legg skulen vekt på personlege eigenskapar, fråvær og karakterar. Du må og vere innstilt på å tilpasse deg ei gruppe og vere samarbeidsvillig i skularbeidet.

Vidare til Vg3

Du får kompetansebevis både frå det tyske og norske systemet, dvs at du stiller på like linje med andre elevar når de søkjer opptak til Vg3 (Data og elektronikk, automatisering eller påbygging til generell studiekompetanse).

Bustad

Du bur på internat ca 6 km frå sentrum av Erfurt.

Kostnader?

Du får bortevarstipend frå Lånekassa og reisestønad. Det klarer du å leve på, fordi levekostnadene er lågare enn i Noreg.

Tilbakemeldingar frå tidlegare elevar

Elevane seier at dei blir meir sjølvstendige, flinkare til å jobba, løyse problem, og at dei veks på å læra ein annan kultur og å kunna kommunisere på eit anna språk. Elevar som har gått ut i lære etter avslutta opphald i Tyskland har fått svært gode tilbakemeldingar frå arbeidsgjevarane sine.

Koordinator

Askøy vidaregåande skule.
Kontakt: Liv Skipenes, livski@hfk.no.

Meir informasjon

På nettsidene til Askøy vidaregåande skule asv.hfk.no.

5: Vg2 hestefag i Babolna, Ungarn



Ungarn har fleire hundre års tradisjon innan hestefag. Som elev her får du ta del i undervisning på høgt internasjonalt nivå; prestasjonsnivået og dannelsingsnivået i det ungarske hestefagmiljøet har internasjonal toppklasse. Samtidig får du oppleve kultur og historie i Europa, og får eit internasjonalt snitt over deg som vert særleg verdfullt i vidare studiar.

Kor?

Tilbodet er i byen Babolna i Ungarn. Dette er ca. 1/2 time frå Győr som er ein stor by. Budapest er 1 time austover, Wien er 1 time vestover.

Kor mange er det plass til?

Det er plassar til 8 elevar.

Kva for skule(r)

Alle elevane er ved Pettko-Szandtner Tibor Lovas Szakkepzo Iskola es Kollegium (skule) og Kisbabolna Horse riding Club (rideklubb).

Om tilbodet

Tilbodet er for elevar som vel Vg2 Heste- og Hovslagarfag ved Voss Jordbruks-skule.

Dette er eit krevjande kurs der ein byrjar dagen i stallen kl. 06.30 om morgonen med stallarbeid. Dagen går over i ridetrening og anna hestefagundervisning, og ettermiddagen vert brukt til gjennomføra ordinært Vg2 pensum i fellesfaga.

Skuleåret

Kurset i Ungarn startar ca. 15. okt. og varer til 1. april. Intensivundervisning på Voss jordbruksskule før og etter dette.



5: Vg2 hestefag i Babolna, Ungarn

Særlege opptakskrav

Du må ha Vg1 Naturbruk- hest eller Vg1 Naturbruk med fordjuping hest og søkje Vg2 Heste- og hovslagerfag ved Voss jordbruksskule som ønskje 1. Voss Jordbruksskule har intervju etter skriftleg søknad. Karakterkrava er 4 i programfaga, 3 i fellesfaga og "God" i Orden og åtferd.

Vidare til Vg3

Voss Jordbruksskule og klasserommet i Babolna har videokonferanseutstyr for undervisning i Vg2 pensumet.

Kurset har eigen kontaktlærer som føl tett opp og i tillegg reiser til Babolna 5 gonger saman med faglærer frå fellesfag eller programfag.

Bustad

Elevane bur på internat/gjestehus, 2 og 3 på rommet. Det er personell som ordnar reinhald, varme måltid og transport ved behov.

Kostnader?

Bortebuarstipendet dekkjer elevane sin eigeninnsats. Den overskytande økonomien er dekkja av fylkeskommunen.

Tilbakemeldingar frå tidlegare elevar

Tilbakemeldinga frå tidlegare elevar er svært positiv. Alle har auka ridekvaliteten/hestefagkvaliteten sin mange hakk. Likevel er det totalopplevinga som vert trekt fram som det viktigaste etter litt tid. Svært mange av Ungarn-elevane våre har vore tilbake i Ungarn etterpå. Suksess beror svært mykje på godt samkøyrde grupper, dette legg vi stor vekt på før avreise.

Koordinator

Voss jordbruksskule. Kontakt: Samson Hamre, samham@hfk.no.

Meir informasjon

På nettsidene til Voss Jordbruksskule voj.hfk.no.

www.hordaland.no/utanlandsklassar

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Februar 2012. Opplæringsavdelinga.